



GESTAPOMUSEETS FORENING  
Veiten 3  
5012 BERGEN

Dato: 28.06.2018  
Vår ref.: 2018/781-18  
Saksbehandlar: stubind  
Dykkar ref.:

Att. Stein Ugelvik Larsen

## Tilskot til sogelag / historielag og lokalhistorisk arbeid for 2018 - Underretting om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til sogelag / historielag og lokalhistorisk arbeid for 2018.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i politisk sak 82/18 på møte den 19.06.2018. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 15.03.2018 var det kome inn 13 søknader. Samla søkesum var kr 332.000,-. Det er totalt 118000 kr til fordeling under Tilskot til sogelag / historielag og lokalhistorisk arbeid for 2018. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

**Individuell grunngjeving:** Vi vurderer at tiltaket ikkje er godt nok grunngjeve med tanke på opplysingar, budsjett og framdriftsplan. Statsarkivet i Bergen bør vere dei rette til å digitalisere og evt. publisere desse bøkene. Vi oppmodar til eit formelt samarbeid.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka med *Klage – saksnummer 2018/781-18*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Elisabeth Bjørsvik  
kst. fylkesarkivarr

Sakshandsamarar: Sturla Binder, Roger Kvarsvik

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*